

## Intervju med Gro Dahle

Gro Dahle er forfattar. Ho har skrive eitt av dikta i Leseboka.

Vi har stilt henne nokre spørsmål:

*Kva kan eit dikt handle om?*

Eit dikt kan handle om alt mogleg.

Ingenting er for dumt. Ingenting er for rart.

Det kan handle om ei klokke, ein fugl eller ei pute.

Det kan handle om livet eller døden,  
vennskap eller uvennskap.

Eller om deg.

*Har du noko favorittdyr?*

Eg liker dyr av alle slag.

Eg liker å skrive dikt om dyr.

Eg liker godt ordet «hund».

Eg er så glad i hundar.

